



## Til Grunneigara, næringsdrivande og busette i og rundt Stalheim

### ÅRSMØTE i Stalheim Landskapspark

**Tysdag 9 mars kl 20:00 i ungdomshuset i Haugsvik**

Stalheim landskapspark skal vere ein av dei fire utvalte landskapsparkane som hjå Fylkesmannen i Hordaland er blitt inviterte med i prosjektet "Colours of the Fjords". Fokus er å utvikle tema- og opplevingsturisme langs ein "akse" frå Åkrafjorden over Vikebygd og Ulvik til Stalheim. Samarbeid, produktutvikling og marknadsføring står i fokus. Andre parkar får sjansen til å kople seg til prosjektet etter kvart.

Dette brevet er ei byrjing på dette arbeidet. Styret i Stalheim Landskapspark ynskjer at alle svarar på nokre enkle spørsmål slik at denne prosessen kan få ein god start. Føremålet med denne informasjonen å få i gang ein konstruktiv handlingsplan for prioriterte tiltak med framdriftsplan og kostnadsvurdering i samråd med offentlege etatar. I tillegg er det vesentleg å samla informasjon til proforma relatert arbeid som til dømes felles søknad om tilskottsmidlar til dei framtidige tiltaksplanane.

Styret oppfordrar til ei høg deltaking og engasjement i dette som kan verta eit fyrtårn for reiselivet i Hordaland.

Undersøkinga tek difor også opp spørsmål om deltaking i eit slikt næringssselskap som jobbar med koordinering av fellestiltak og sal av reiselivsopplevingar under turistsesonge. Med guida turar og overordna produkttilknytning med overnatting, servering, transport og suvenirutvikling.

Styret har førebels desse tiltaka som skal vurderast nærare:

1. Traktor safari:
  - Stalheim – Stølen Botnen frå 1.juli til ca 1.okt.
  - Oppheim – Stølen i Kvanndalen frå 1.juli til ca 1.okt
  - Holmen – Jordalen /Nåsen heile året.
  - Traktor-/snøscootersafari med stopp på fleire matstasjonar og ein endestasjon (lavo) der det kan bli servert mat + drikka. Døme: Sleen – Kleivastølen – Klype – Lunde – Håmyre – Militærvegen – Ruste (mat) – Sleen
2. Downhill sykling: Oppheimsheisen til topps for deretter å sykla ned igjen
3. Utandørs muskar show – fokus folkemusikk – inviterte student muskar frå Japan, og Tyskland – daglig innslag som eit av opplevingsaugneblikka i traktor safari.
4. Kunst og design prosjekt i det levande landskap – sjå kunstnara i produksjon med auge for Stalheim regionen anno 2010 – Utfordring: J.C. Dahl "Frå Stalheim" 1842 – i samarbeid med KHiB og det etablerte i fagfeltet kunst og design Noreg og frå utlandet – lokalitet Stalheim Folkemuseum – Tema: storytelling med møt kunstnaren og lokalbefolkning i ein Skavlan setting til turistar som publikum med musikk innslag
5. Knyta til seg Myrkdalen, Oppheim, Nærøyfjorden med samarbeid om produktpakking.
6. Øl & Burger, Pizza bua på Haugsvik
7. Frå fjord til fjord – Kløvtur frå Ulvik til Stalheim og motsatt. 3 dagars opplegg.
8. Guida turprodukt:
  - Jordalsnuten
  - Bakkanose



- Kongevegen
  - Stalheim/ Fyresnipa
  - Vilt løype
9. Mat/ kultur
- Sivle gard
  - Viking fest – lokal viking på historia krydra med viking mat/ drikke/song m.m
  - Oppheimsvatnet strandbargrill & Water Center, toalett, omskifting, dusj, profesjonell grillstasjon med lokal mat under tak
  - Skøyting og curling bane på vinterstid
10. Norway in a nutshell ekstrem – Sykkel Stalheim – Fresvikjordalen , gå over Fresvikbreen til Fresvik, båt Fresvik – Gudvangen, sykkel Gudvangen – Stalheim
11. Turistinformasjon, booking og sal av Stalheim Oppleving produkt ved butikken på Haugsvik og andre naturlege I-punkt, samt knyta seg til Visit Voss, Fjord Norway og andre marknadskanalar.
12. Samarbeide med andre reiselivstilbydara med partnerskap om pakking og sal opp mot turoperatorar .

Om det er høg interesse til å kjøpa aksjar i ei slik selskapsform vil me ha eit sterkt grunnlag til å få profesjonell assistanse med vedtaks- og proforma arbeid og ikkje minst offentlig tilskott til iverksetjing. Sjølvstøtt er poenget på noverande tidspunkt å synleggjera interesse, svara er ikkje bindande og er uforpliktande.

All informasjon vil bli handsama konfidensielt og om du skulle ynskja meir informasjon enn den som er tilgjengeleg på <http://stalheim.landskapspark.no/nn/> vennleg ta kontakt med [macthorsen@gmail.com](mailto:macthorsen@gmail.com) eller Leif Inge.

Hugs å full ut spyrjeskjema som du finn på [www.landskapspark.no](http://www.landskapspark.no) og bli venn på FB og følg med på <http://www.facebook.com/pages/Colours-of-the-fjords-Stalheim-UNESCO-Naeroyfjord/328770133869> og <http://stalheim.landskapspark.no/nn/> om kva som rører seg framover.

Spyrjeskjema kan leverat på epost [macthorsen@gmail.com](mailto:macthorsen@gmail.com) eller på butikken i Haugsvik, der det også er til utdeling.

Vyrdsamt helsing

for styret i Stalheim Landskapspark

Egil Ørjan Thorsen – Mob: 95 96 18 15



Postkort frå Åkrafjorden Landskapspark og deira Åkrafjorden Oppleving AS